

**Fra:** Laila Diana Molland (Laila.Diana.Molland@hfk.no)

**Sendt:** 26.09.2017 15:19:28

**Til:** 'siri@barnibyen.no'

**Kopi:** Tone Stedal Haugland

**Emne:** PURRING ;UTBETALING AV TILSKOT TIL BARN I BYEN KULTURFORMIDLING

**Vedlegg:** image001.png

Hei,

Du står som kontaktperson for organisasjon/prosjekt som vart løyvd tilskot gjennom Hordaland fylkeskommune sine prosjektstøtteordningar i vår. Formelt brev om dette vart sendt via Altinn. Vi kan ikkje sjå at de har bedt om utbetaling av tilskotet. Minner om at det er sett ein frist for utbetaling 1.oktober, om ein ikkje har meldt om anna.

### **Utbetaling**

*Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF – format.*

*Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367*

*Aksesspunkt: Visma*

*Saksnummer: 2017/845*

*Ressursnummer: 12564*

*Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Dette må skje innan 01.10.2017. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.*

*Det er også høve til å få tilskotet utbetalt på anna måte. De må då sende ei kort stadfesting på at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg føre. Dette sendast [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) og merkast med saksnummer.*

Vi minner elles om følgjande frå tilskotsbrevet:

### **Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll**

Tilsegnsnittakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapport.

Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.

For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga. Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

### **Rapportering/rekneskap**

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.

Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.

Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer.

**Tone Stedal Haugland**

Seniorrådgjevar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga

Seksjon for kunst- og kulturformidling

Tlf 55 23 91 92

[Tone.stedal.haugland@hfk.no](mailto:Tone.stedal.haugland@hfk.no)

[hordaland.no](http://hordaland.no)

